

4.1 Aukra Kyrkje og kulturformidling

Aukra kyrkje har ei særleg rolle som kulturarena og formidlar av kultur i Aukra kommune både i form av den materielle kulturarven, identitet, kulturarrangement og slik kyrkja er knytt til nasjonale merkedagar og livsrita til enkeltmenneske.

Aukra kyrkje frå 1835 er eit bygg verna av Riskantikvaren med inventar som strekkjer seg tilbake til 1712. Delar av kyrkjegarden er frå middelalderen, og er automatisk freda som arkeologisk minne etter Kulturminnelova av 1978. Den eldste omtala av ei kyrkje på denne staden er frå 1495.

Den materielle kyrkjelege kulturarven er saman med påskeliljemarka ein viktig kulturarvberande arena og eit verdifullt grunnlag for identitet for innbyggjarane i Aukra kommune.



Kyrkja er ein av dei sentrale institusjonane i den kulturelle grunnmuren^{*)}, og Aukra kyrkje er ein viktig arena for kyrkjemusikk, visuell kunst, konsertar og andre kulturuttrykk og aktivitetar både når det gjeld profesjonell verksamheit og amatørkultur.

Gjennom eigne kulturaktivitetar i kyrkja, kyrkjelydshuset og på Julsundet og gjennom eit utstrekt samarbeid med kommunen, skular, kor og andre kulturelle aktørar er den kyrkjelege kulturaktiviteten ein bærebjelke i formidling og vidareutvikling av kulturen i Aukra kommune.

Trusopplæringsarbeidet i kyrkja spelar ei viktig rolle i arbeidet for å vidareføre den kristne kulturarven og vidareutvikle kyrkjekulturen gjennom formidling av tradisjonell kyrkjekultur og utvikling av ny musikk og andre nye kunst- og kulturuttrykk^{*)}.

* NOU 2013:4 Kulturutredning 2014

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Kyrkja som kulturarena	Oppretthalde og utvikle kyrkja som ein aktiv kulturarena som skal femne vidt og inkludere alle aldersgrupper	Godt samarbeid mellom Aukra kommune, alle delar av kyrkja sine profesjonelle og frivillige aktørar og aktivitetar og andre kulturelle aktørar	Kontinuerleg
Den kyrkjelege kulturarven	Ta vare på den materielle kyrkjelege kulturarven	Vedlikehalde kyrkjebygg og kyrkjegard	Kontinuerleg
	Formidle den kyrkjelege kulturarven til innbyggjarane, med særskilt fokus på barn og unge	Samarbeid om arrangement og kulturformidling inkludert besøk frå barnehagar og skular med fokus på formidling av kulturarv og historie.	Kontinuerleg